

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Sognefjellshytta
Dato: 11.05.2016
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldast på tlf. 948 80 564 (Kari), 947 89 126 (Magnus) eller ved svar på e-post. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed *.

- * Iselin Jonassen har varsla forfall som svar på førebels innkalling, og Svein Blankenborg vert med dette innkalla som vararepresentant.

Aud Hove har førebels varsla at ho vil få problem med møtedagen, og vara Øystein Andreassen vil bli innkalla dersom ho ikkje kan møte.

Orienteringar:

- Pilot innfallsport Sognefjellshytta og deltaking som pilot for ny merkevare, ei oppdatering spesielt retta mot dei nye i styret.
- DNT Oslo og Omegn, innspel om behov for oppgraderingar, til førebels drøfting

Lenker til bakgrunnsdokument sak 20/2016 – Delegasjonsreglement:

- Verneforskrifter:
<https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/2014-11-14-1398?q=verneforskrift+Jotunheimen>
<https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/2014-11-14-1399>
- Vedtekter Nasjonalparkstyret
<http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Jotunhei%20dok/Vedtekter/Vedtekter%20-%20Nasjonalparkstyret%20for%20Jotunheimen%20og%20Utladalen%20-%20revidert%202015.pdf?epslanguage=no>

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen



Jotunheimen
nasjonalpark

Mobil: 948 80 564

Fylkesmannen i Oppland
Postadresse: Postboks 987, 2626 Lillehammer
Besøksadresse: Norsk Fjellmuseum, Lom

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/2016	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 18/2016	Referatsaker		
ST 19/2016	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog 2016 - Prioritering av tiltak		2015/7435
ST 20/2016	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Delegeringsreglement		2016/108
ST 21/2016	Eventuelt		

ST 18/2016 Referatsaker

Arkivsaksnr: 2015/7435-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.04.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	19/2016	11.05.2016

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog 2016 - Prioritering av tiltak

Forvaltar si innstilling

1. Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift og forvaltningsplan:

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 350 000,-
Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter)	kr. 179 000,-
Arbeid med forvaltningsplan	kr. 120 000,-
Pilotarbeidet med besøksforvaltning.	kr. 200 000,-

2. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer tiltaksmidlane på i alt 1.050.000 kr løyvd i bestillingsdialogen for 2016 slik:

Pilot innfallsport Sognefjellshytta: 380.000,- (+ bygging)

Fullføring av avtale med Dronninga Landskap frå 2015, prosjektering og tilrettelegging av større tiltak innfallsport	kr. 380 000,-
Gjennomføring – reservert pott i Miljødirektoratet på inntil 6,8 mill.kr.	Endeleg utdeling ved gjennomføring

Skjøtsel: Totalt 350 000,-

Heimre Utladalen, slått og styrt beiting	kr. 260 000,-
Styving/rising av alm og lind i Utladalen	kr. 40 000,-
Krattrydding/vedlikehald Guridalen	kr. 20 000,-
Styrt beiting og rydding i Gjendebuområdet	kr. 30 000,-

Informasjon: 220 000,-

Ny design tavler/informasjon Turtagrø og Krossbu	kr. 60 000,-
Oppsett av portalskilt og tavler langs Fv 55, utprøving	kr. 100 000,-
Nye plakatar ved Gjendesheim og Juvvasshytta	kr. 20 000,-
Turapp Jotunheimen – fokus lokale turar	kr. 30 000,-
Barnas naturoppsyn – transport	kr. 10 000,-

Tilretteleggingstiltak stignett: 100 000,-

Vedlikehald og oppgradering av stignett, med Vettifossen, Turtagrø og Krossbu som prioriterte område	kr. 100 000,-
--	---------------

Saksopplysningar

Saksdokument

1. Brev av 10.11.2015 frå Miljødirektoratet - *Innmelding av behov for tiltaksmidler, og bestillingsmøter mellom nasjonalpark-/verneområdestyrene og Statens naturoppsyn*
2. Sak 63/2015 i Nasjonalparkstyret - *Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2016*
3. Søknad om tiltaksmidler i elektronisk søknadssenter (ESS) – jf. kvittering for søknad (vedlegg 1)
4. Tildeling av midlar for 2016, behandling i ESS (vedlegg 2).
5. Supplerende tildelingsbrev på klima- og miljøområdet brev av 25.02.2016 frå Miljødirektoratet til Fylkesmannen i Oppland (arkiv jp. 2015/7023-5)
6. E-post av 29.02.16 frå Miljødirektoratet - *Midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer for 2016*
7. Disponeringsbrev 2016 - Miljøvernavdelinga (internt notat 18.03.2016 til avdelinga)
8. Vedtak om deltaking som pilot besøksforvaltning, sak 23/2014 i møte 07.04.2014.
9. Vedtak om besøksstrategi for Jotunheimen 2013-2017, sak 45/2012 den 07.11.12
10. Tiltaksplan - oversikt, vedlegg 3

Nasjonalparkstyret hadde i sak 63/2015 gjennomgang av aktuelle tiltak for søknad om tildeling via elektronisk søknadssenter, og dette er fylgd opp av forvaltarane.

Jotunheimen nasjonalpark får som pilot for merkevareprosjektet til Miljødirektoratet ein stor øymerke pott for gjennomføring av tiltak knytt til denne satsinga. Oppdraget vårt er etablering av ein innfallsport, eller eit utkikkspunkt, som illustrerer satsinga med ein tydelegare invitasjon til nasjonalparken og viser element frå profilmanualen til *Norges nasjonalparker* som er utforma av Snøhetta Design på oppdrag frå Miljødirektoratet. Ut over dette er det løyvd relativt lite midlar til andre tiltak. Vidareføring av skjøtsel er prioritert med 350.000 som er sett av til potten som SNO vil forvalte for nasjonalparken.

Midlar til drift av nasjonalparkstyret er løyvd etter budsjettforslag frå forvaltarane, med ramme 350.000 kroner. Til arbeidet med revisjon av forvaltningsplan er det løyvd 120.000 kr. Ved intern fordeling av ressursar hos Fylkesmannen får sekretariatet for Jotunheimen 179.000 kroner. Det er i tillegg løyvd 200.000 for deltaking i pilotsatsinga, da dette arbeidet medfører ekstra reiseverksemd og behov for fagleg assistanse for gjennomføring av tyngre tiltak.

Vurdering

Drift og øymerke midlar

Styret: Tildeling til drift av nasjonalparkstyret er i tråd med oppsett budsjett frå sekretariatet. Det er lagt inn møte basert på erfaring og årshjulet til styret, sak 4/2016.

Sekretariatet: Midlar til drift av sekretariatet ligg ein god del under innmeldt behov, men takka vera ekstra ressursar knytt til pilotstatus for besøksforvaltning kan ein med streng økonomistyring likevel koma i mål. Pilotsatsinga gjer at ein ikkje har kapasitet til å setja i gang så mange andre tiltak, men når pilotperioden er over må ein forvente at ressursane til drift av sekretariat kjem opp att på eit nivå som gjer det mogleg å leggje til rette for ei aktiv forvaltning også på andre område. Med eit stort geografisk område

er det nødvendig å kunne reise ut og delta i prosessar for initiering av nye tiltak som kan bidra til både verdiskaping og bevaring av verneverdiane.

Forvaltningsplanen: 14. november 2014 kom ny verneforskrift for Jotunheimen og Utladalen, og arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og nye overordna politiske føringar vart sett i gang ved dialog med Miljødirektoratet i starten av 2015 og utsending av formelt oppstartsbrev 02.09.2015. Ein reknar dei tildelte resursane på 120.000 som tilstrekkeleg for arbeidet som skal skje i år. Ferdig plan skal godkjennast av direktoratet, og er neppe klar for trykking før i 2017.

Pilot besøksforvaltning: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er med som pilot i Merkevarerprosjektet og får derfor midlar til prosessane i dette prosjektet. I 2016 er det sett av ein større pott til utvikling av pilot innfallspørt ved Sognefjellshytta. Midlar til prosjektering er søkt om i bestillingsdialogen, medan midlar til bygging er reservert på konto i Miljødirektoratet. I byggekostnadene må ein også leggje inn ein pott for fagleg oppfølging i byggeperioden (ingeniør brukonstruksjon og landskapsarkitekt).

Bestillingsdialogen:

Behovet for tiltaksmidlar i verneområda i Noreg er aukande. Jotunheimen og Utladalen har hatt eit stort aktivitetsnivå i mange år og fått mykje tiltaksmidlar. Større fokus på aktiv forvaltning og besøksforvaltning har også skapt auka forventingar til ressursar. Når rammene for tiltaksmidlar minkar, samtidig som innmeldt behov har auka, blir det hardare konkurranse om midlane. Det har i liten grad kome friske midlar knytt til departementet/direktoratet si satsing på Merkevarerprosjektet med meir aktiv besøksforvaltning. Med større avvik mellom innmeldt behov og tilgjengelege ressursar i bestillingsdialogen, er tiltaksmidlane til Jotunheimen og Utladalen på eit minimum av det ein må ha for forsvarleg forvaltning.

Skjøtsel:

Det er tildelt 350 000 kr som er øyremerka skjøtelsprosjekt, og dette er under behovet for det som trengst til vidareføring av alle tiltak. Streng prioritering er nødvendig, og ein må vurdere å ta ut enkelttiltak framfor å redusere jamt på alle tiltaka. Det er betre å utføre tiltaka som blir prioritert på ein god måte, framfor å spreie innsatsen over fleire område enn ein har ressursar til. Tiltaka er drøfta i arbeidsmøte mellom SNO og forvaltarane 30. mars, og ein kom her fram til at tiltaket med geitekillingar i Gjendebu kan ha ein pause i år, for å kunne oppretthalde større tiltak som storfebeiting og vegetasjonsrydding som skjer i samarbeid med aktive bønder med storfedrift i Gjendebu og sauebønder som driv krattrydding i Guridalen. For å få nok mat til geitekillingane gjennom heile sommaren etter at dei har beita ned krattoppslag på dei ferdigrydda områda nærast turisthytta, måtte ein gått inn på nye område ovafor vegen opp frå brygga. Ein ønskjer ikkje å starte opp på nye område når ressursane er såpass knappe, så ein ser ikkje rom for å koste transport av geiter til Gjendebu i år. Skjøtselen i Utladalen blir foreslått oppretthalde med slått, beiting og styving/risning av alm så langt pengane rekk til dette arbeidet. Ressursane blir ikkje fordelt på enkelttiltak, men det er planlagt vidareføring av beiting, krattrydding og risning/styving der behova er størst. Tiltaka blir styrt av lokalt SNO, i tråd med tidlegare år.

Pilot innfallspørt Sognefjellet og heilskapleg informasjon langs Fv 55

I 2015 fekk ein berre midlar til vidareføring av skjøtsel, utanom pengar til pilot innfallsport. Svært sein snøsmelting i fjellet og generelt for knapp tid til innhenting av tilbod gjorde at tiltaket ikkje kunne gjennomførast. Det vart på den andre sida gjort ein del undersøkingar og detaljprosjektering som gjev eit langt betre grunnlag for gjennomføring av tiltaket i år. Som pilot vil innsatsen i stor grad vera styrt mot implementering av den nye merkevaren *Norges Nasjonalparker*, og det er lite ressursar til andre tiltak også i 2016. I samarbeid med Norsk fjellmuseum som besøkssenter og sekretariatet for Nasjonalparklandsbyane og nasjonalparkkommunane går eit parallelt prosjekt med skilting og tilrettelegging av kundereisa, frå starten av turen og fram til nasjonalparken som målet. Nasjonal Turistveg Sognefjellet vil bli ei pilotstrekning, og den større tilrettelegginga ved Sognefjellshytta vil bli supplert med oppgradert skilting på dei to andre sentrale innfallsportane, Turtagrø og Krossbu. Det er ein føresetnad frå Miljødirektoratet at desse to lokalitetane blir skilta i tråd med den nye profilen som skal frontast gjennom pilotsatsinga ved Sognefjellshytta. Einsarta skilting langs heile vegstrekninga er viktig for å gje området eit løft i tråd med den nye profilen. Desse to lokalitetane i høgfjellet er også svært relevante for utprøving av dei nye skilttypane med tanke på forankring og påverknad frå snø og vind.

Krossbu

Ved Krossbu er det ingen nasjonalparkinformasjon i dag. Det er godt utsyn både til Jotunheimen og Breheimen frå parkeringsplass rett nedanfor turisthytta, og avstanden til nasjonalparkgrensa for Breheimen er her svært liten. Karttavle med relevant informasjon om geologi og brevandring er særleg aktuelt, og portalskilt for særleg markering av utsikten mot ein av nasjonalparkane blir vurdert. Området er særleg attraktivt i samband med vårskiløping og brevandring, og det er behov for tilrettelegging og informasjon om trygg ferdsel

Turtagrø

Ved Turtagrø er det ei skilttavle som må skiftast, og det er behov for enkel tilrettelegging for å styre ferdsla gjennom myrlendt terreng og i litt større avstand frå privat hytte, etter ønskje frå eigaren. Området er mykje brukt.

I tillegg til generell informasjon i form av karttavle med ny design, er det behov for temainformasjon om villrein og sårbarheit. Portalskilt som blikkfang er og aktuelt.

Andre informasjonstiltak

Ved dei aller mest trafikkerte innfallsportane mot Besseggen og Galdhøpiggen er det viktig å synleggjera den nye profilen. Ved Gjendesheim og ved Juvasshytta kan ein truleg setja nye tavler på eksisterande stativ.

Ved Gjendesheim vil dette vera ei mellombels ordning, da ein må leggje vekt på sterkare synleggjering av nasjonalparken i samband med Nasjonale Turistveger sine utbyggingsplanar som vil koma eitt av dei næraste åra.

TurApp Jotunheimen vart starta opp i 2014, og det er etablert dialog med ein del turistbedrifter som ønskjer å bidra til utvikling av tilbodet. TurApp Jotunheimen finn du på <http://www.turapp.no/jotunheimen> Det er ei fleksibel løysing, som både kan brukast direkte på smarttelefon/PC og for utprinting av enkle temaark med kart. 2016 er siste året med bidrag frå nasjonalparkforvaltninga, da ein med dette har bidrege til å få løysinga godt på plass.

Stigvedlikehald

Besøksstrategi for Jotunheimen har stigvedlikehald som prioritert satsing, og dei mest brukte strekningane er utsett for slitasje, samstundes som dei trekkjer til seg ein del uerfarne brukarar med behov for ein trygg og god stig.

Sidan det ikkje var midlar til dette i fjor, ser ein behov for følgjande punktutbetringar:

- Stigen mot Vettifossen, reparasjon/muring etter utrasing
- Starten av stigen frå Krossbu mot Bøverbrean, utlegging av «stepstones» eller gangbaner i tre
- Starten av stigen frå parkering ved Turtagrø, gangbaner over myrlendt terreng.
- Andre utsette punkt, om ein har ressursar

Område med stor trafikk må prioriterast, og Vettifossen er tredje største attraksjonen. Også Turtagrø og Krossbu har mange vegfarande, og det er nødvendig å gje plassane eit tiltalende uttrykk sidan dei skal vise merkevaren *Norges Nasjonalparker* gjennom oppsett av nye skilt og profilelement i tråd med ny design.

For samla oversikt, sjå vedlegg, tiltaksplan. Denne skal reviderast i samband med komande års søknad om tiltak via bestillingsdialogen, og det er allereie nå relevant å spela inn kva tiltak vi bør jobbe vidare med.

MIDLER TIL TILTAK I VERNEOMRÅDER (KAP 1420 POST 31) - 2016

Organisasjonsnummer: 970350934

Foretaksnavn: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Navn: Kari Sveen

Adresse: Norsk Fjellmuseum

Postnr.: 2686 Lom

Telefon: 94789126

Mobiltelefon: 94880564

E-post: fmopksv@fylkesmannen.no

Mottaker: Miljødirektoratet

SØKNAD

REFERANSENR.: 16S8F195

Tiltak

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Pilot innfallsport Sognefjellet - prosjektering	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	630 000
2	Pilot innfallsport Sognefjellet - utbygging	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	6 800 000
3	Ny merkevare: Infopunkt medium Krossbu og Turtagrø	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	100 000
4	Nytt skilt Juvflye, mot Galdhøpiggen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	10 000
5	Nytt skilt Gjende / Reinsvangen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	20 000
6	Drift Turapp Jotunheimen i prosjektperioden 2016	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	30 000
7	Vedlikehold av stinettet	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Forvaltningsm.	100 000
8	Slått i kulturlandskap Heimre Utladalen	Slått	Engslått	Utladalen landskapsvernområde(VV00000706)	Lokalt SNO	230 000
9	Styrt beite heimre Utladalen	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Utladalen landskapsvernområde(VV00000706)	Lokalt SNO	46 000
10	Styving/risning av alm og lind, Utladalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Styving av enkelttrær	Utladalen landskapsvernområde(VV00000706)	Lokalt SNO	45 000
11	Krattrydding/vedlikehold Guridalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)	Lokalt SNO	30 000
12	Styrt beite ved Gjendebu (storfe)	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)	Lokalt SNO	28 000
13	Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	10 000
14	Styrt beite ved Gjendebu (geit)	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Lokalt SNO	16 000

15	Barnas Naturoppsyn	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Forvaltningsm.	20 000
16	Oppfølging/drift av tidlegare tiltak	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)	Forvaltningsm.	15 000
						8 130 000

Pilot innfallsport Sognefjellet - prosjektering

Prioritet: 1

Navn på tiltaket: Pilot innfallsport Sognefjellet - prosjektering

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av innfallsport/P-plass

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 630 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Beskrivelse av tiltaket:

Prosjektering og oppfølging av pilot innfallport Sognefjellshytta

Fullføre arbeid som måtte utsetjast frå avtale med Dronninga Landskap inngått 23.03.2015:
500.000 - faktura/utbet. i 2015 (224.000) = 275.000

Oppfølging av utbygginga v/ bruingeniør og geolog 335.000

(Førebels budsjettoverslag for bruprosjektering: ca. 200.000

Ingeniørarbeid - Oppfølging i byggeperiode: 50.-100.000

Geolog: ca. 35.000)

Oppfølging av utbygginga v/ landskapsarkitektfirma - reiser 20.000

Pilot innfallsport Sognefjellet - utbygging

Prioritet: 2

Navn på tiltaket: Pilot innfallsport Sognefjellet - utbygging

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av innfallsport/P-plass

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 6 800 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Beskrivelse av tiltaket:

Pilot innfallsport Sognefjellet - Bygging

Tilrettelegginga er planlagt av Dronninga Landskap, og består av:

- Gangbru over Fantesteinvatnet - delkostnad 2,7 mill. kr *
- Bordgangar for universel utforming og skjerming av terreng
- Gangveg rundt Fantesteinvatnet - universell utforming
- Bord/benker, informasjonspunkt og utsiktspunkt
- Skilting - implementering av ny merkevare
- Grunnarbeid og tilrettelegging

*Stipulerte kostnader bru med eitt langt spenn på ca. 51 meter, 2,5 mill.

Rekkverk: 2 x 50 m, anslag 2000 kr/m - størrelsesorden 200.000 kr

Totalkostnad er svært usikkert anslag, da oppdatert kostnadsoverslag frå landskapsarkitekt på arbeid utanom sjølve brua manglar. Blir ettersendt, med reviderte teikningar.

Overslaget baserer seg på kostnadsoverslag i forprosjekt 2015, men med justeringar i samsvar med endringar drøfta i oppfølgingsmøte 2015. Det er også usikre anslag på skiltkostnader og fundamentering av skilt.

Ny merkevare: Infopunkt medium Krossbu og Turtagrø

Prioritet: 3

Navn på tiltaket: Ny merkevare: Infopunkt medium Krossbu og Turtagrø

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av skilt og/eller infotavle

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 100 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Nei

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Beskrivelse av tiltaket:

Informasjonstavler/skilt på Krossbu og Turtagrø for implementering av ny design/merkevare over ei samanhengande strekning.

Inngår i kundereise mot innfallsport Sognefjellet, jf. samarbeidsmøte 17.12.15

Ny tavle ved Krossbu

Utsifting av tavle ved Turtagrø.

Eventuelt også portalskilt med opning vendt mot Hurrungane og Smørstabbtindane - jf. merkevaren.

Usikkert kostnadsoverslag til skilt og fundamentering av nye skilt.

Nytt skilt Juvflye, mot Galdhøpiggen

Prioritet: 4

Navn på tiltaket: Nytt skilt Juvflye, mot Galdhøpiggen

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av skilt og/eller infotavle

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 10 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Nei

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Beskrivelse av tiltaket:

Bytte gammalt skilt til ny profil - nytte eksisterande stativ like ved Juvasshytta, der dei fleste stoppar før turen mot Galdhøpiggen.

Traffikkert område, bør vise den nye merkevaren

Nytt skilt Gjende / Reinsvangen

Prioritet: 5

Navn på tiltaket: Nytt skilt Gjende / Reinsvangen

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Oppføring av skilt og/eller infotavle

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 20 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Nei

Beskrivelse av tiltaket:

Markering ved innfallsport Gjende, jf. samarbeidsmøte 17.12.15.

Skilt ny merkevarstrategi - prøve ut stort skilt (200x140) ved den mest trafikkerte innfallsporten. Usikkert anslag på skiltkostnader og

fundamentering av nye skilt.

Samarbeid med Nasjonale Turistveger.

Skilt må integrerast i turistvegprosjektet si planlegging

Uavhengig av framdrift i turistvegprosjektet bør ein ha karttavle med ny design tilgjengeleg ved Gjende f.o.m. 2016. Det er ledig plass i eksisterande skiltstativ, og eit skilt i størrelse 70x100 kan mellombels plasserast der og flyttast til ny plass når stort skilt evt. blir realisert.

Drift Turapp Jotunheimen i prosjektperioden 2016

Prioritet: 6

Navn på tiltaket: Drift Turapp Jotunheimen i prosjektperioden 2016

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 30 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

TurApp Jotunheimen - slutføring i 2016, med planlagt overtaking av bedrifter f.o.m. 2017. Arbeidet vart sett i gang i 2014 etter prioritering frå styret, og det er viktig å fullføre for å ha nytte av det arbeidet som alt er nedlagt. Modellen som blir prøvd ut med overføring til næringa etter at nasjonalparkforvaltninga har bidratt med tilrettelegging av informasjon og føringar for kva turar som skal marknadsførast.

Tiltaket kan ha stor overføringsverdi til andre område.

Formål: Aktiv besøksforvaltning for auka verdiskaping og betre vern gjennom kanalisering av ferdsel.

Vedlikehald av stinettet

Prioritet: 7

Navn på tiltaket: Vedlikehald av stinettet

Tiltakskategori: Tilrettelegging og informasjon

Tiltakstype: Opparbeide sti/kanalisering

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 100 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Vedlikehalde stinettet på utsette plassar: Skagadalen og ved Krossbu, og andre plassar med skade eller fare for erosjon

Slått i kulturlandskap Heimre Utladalen

Prioritet: 8

Navn på tiltaket: Slått i kulturlandskap Heimre Utladalen

Tiltakskategori: Slått

Tiltakstype: Engslått

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde(VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 230 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
Vidareføring av etablert skjøtsel

Styrt beite heimre Utladalen

Prioritet: 9

Navn på tiltaket: Styrt beite heimre Utladalen

Tiltakskategori: Beiting og lyngbrenning

Tiltakstype: Beiting- og/eller gjerding for bufe

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde(VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 46 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Beiting. Tilsyn, transport og gjerdekostnader

Styving/risning av alm og lind, Utladalen

Prioritet: 10

Navn på tiltaket: Styving/risning av alm og lind, Utladalen

Tiltakskategori: Skjøtsel av (tre)vegetasjon

Tiltakstype: Styving av enkelttrær

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde(VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 45 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Styving/risning av alm og lind, Utladalen

Krattrydding/vedlikehald Guridalen

Prioritet: 11

Navn på tiltaket: Krattrydding/vedlikehald Guridalen

Tiltakskategori: Skjøtsel av (tre)vegetasjon

Tiltakstype: Rydding av trær/busker/kratt

Verneområde: Utladalen landskapsvernområde (VV00000706)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 30 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Krattrydding/vedlikehald Guridalen

Styrt beite ved Gjendebu (storfe)

Prioritet: 12

Navn på tiltaket: Styrt beite ved Gjendebu (storfe)

Tiltakskategori: Beiting og lyngbrenning

Tiltakstype: Beiting- og/eller gjerding for bufe

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark(VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 28 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Styrt beite ved Gjendebu (storfe). Transport og tilrettelegging. Samarbeid med Storådalen beitelag, Vidareføring av etablert skjøtsel i samsvar med plan

Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet

Prioritet: 13

Navn på tiltaket: Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet

Tiltakskategori: Skjøtsel av (tre)vegetasjon

Tiltakstype: Rydding av trær/busker/kratt

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 10 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet. Rydde kratt og bjørkeskog, i tråd med skjøtselsplanen

Styrt beite ved Gjendebu (geit)

Prioritet: 14

Navn på tiltaket: Styrt beite ved Gjendebu (geit)

Tiltakskategori: Beiting og lyngbrenning

Tiltakstype: Beiting- og/eller gjerdning for bufe

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Lokalt SNO

Navn på lokalt SNO: Rigmor Solem

Omsøkt beløp: Kr 16 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Styrt beite ved Gjendebu (geit)

Barnas Naturoppsyn

Prioritet: 15

Navn på tiltaket: Barnas Naturoppsyn

Tiltakskategori: Annet

Tiltakstype: Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 20 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Barnas Naturoppsyn - naturinformasjon og motiveringstiltak retta mot barn/unge. Samarbeid forvaltning/SNO/grunnskulane i kommunane

Oppfølging/drift av tidlegare tiltak

Prioritet: 16

Navn på tiltaket: Oppfølging/drift av tidlegare tiltak

Tiltakskategori: Annet

Tiltakstype: Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)

Verneområde: Jotunheimen nasjonalpark (VV00001869)

Økonomisk ansvarlig: Forvaltningsmyndighet

Omsøkt beløp: Kr 15 000

Tiltaket er videreføring av pågående prosjekt? Ja

Tiltaket har forankring i skjøtsels- eller forvaltningsplan? Ja

Er tiltaket flerårig? Ja

Beskrivelse av tiltaket:

Det vart lova støtte til energikartlegging i Memurubu av tidlegare forvaltningsstyresmakt (Fylkesmannen) - oppfølging av tiltak som nå er aktualisert for gjennomføring i 2016. Jf. brev av 20.03.12 frå FMOP:

"Fylkesmannen vil som sist tilby delfinansiering av en energi-gjennomgang av turistbedriften på vilkår." (Ephortesak 2008/4979)

Tømming av toalett ved parkeringsplass ved Glitterheimsvegen. Toalett oppført av forvaltninga i 2011 - årlege driftskostnader på 3-4.000 kr.

Vedlegg

Ingen vedlegg

Merknad:

Oppdatert kostnadsoverslag og reviderte teikningar til Pilot innfallsport Sognefjellet blir ettersendt

Ettersende vedlegg per post: Nei

[sign] Kari Sveen for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Lvert 08.01.2016

	2016	2017	2018	2019
Besøksforvaltning				
Ferdelsteljarar, Knutshø og Sognefjellet	x	x	x	
Skiltstativ (ny mal)				
Sognefjellshytta	x			
Krossbu	x			
Turtagrø	x			
Juvflya		x		
Valdresflya			x	
Skiltinfo				
Sognefjellshytta	x			
Krossbu	x			
Turtagrø	x			
Juvflya	x			
Gjendeosen	x			
Vargebakken		x		
Valdresflya			x	
Eidsbugarden - mot nasjonalparkgrensa		x		
Informasjon				
Naturretteiar				
Turapp Jotunheimen	x			
Opplæring/utdanning				
Barnas naturoppsyn	x	x	x	
Stinettet oppgredering og vedlikehald				
Vedlikehald	x	x	x	
Sjugurdstind - Memurubu				
Vintervegen mot Fannaråken		x		
Vidare oppover mot Galdhøpiggen frå Spiterstulen			x	
Krossbu mot Skogadalsbøen + Bøverbreen		x		
Skagadalen	x			
Gravdalen til Storutladalen			x	
Skjøtsel				
Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	x	x	x	
Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)	x	x	x	
Styving/rising av alm og lind. Både vedlikehald av gamle og nyrekrutering i heimre Utladalen. Rullering mellom tre som at ein tek nokre tre kvart år.	x	x	x	
Krattrydding Guridalen	x	x	x	
Styrt beite ved Gjendebru (geit)	x		x	
Styrt beite krattrydding ved Gjendebru (storfe)	x	x	x	
Styrt storfebeiting Memurudalen				
Slått av kve ved Gjendebru som kurs i tradisjonsformidling og biologisk mangfald		x		

Arkivsaksnr: 2016/108-1

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.01.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	14/2016	24.02.2016
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	20/2016	11.05.2016

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Delegeringsreglement

Forvaltar si innstilling

- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande enkeltsaker, som ikkje er i konflikt med verneverdiane, til Arbeidsutvalet:
 - Hastesaker som krev avgjerd før det er aktuelt å kalle inn heile styret og der forvaltningsplanen tilseier at løyve kan/bør gjevast
 - Irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre vesentlege tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å treffe vedtak i følgjande saker av kurant karakter:
 - Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsel og motorferdsel i verneforskriftene - med unntak av dei store, fleirårige samleløyva som framleis skal ligge under styret (gjeld DNT, private turisthytter og Gjendebåten).
Delegeringa omfattar desse punkta i § 3 pkt. 6.3. i verneforskrift for Jotunheimen: a), b), d) e), f), i), k), q), r), s) og t)
og desse punkta under § 3 pkt. 6.3. i verneforskrift for Utladalen: a), b), c), d), e), f), g), i), j), k), l), m), n), o) og p).
 - Saker etter verneforskriftenes andre spesifiserte dispensasjonsreglar og etter naturmangfaldlova § 48 der:
 - Det dreiar seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
 - Det er etablert forvaltningspraksis frå tilsvarande saker behandla av styret/AU.
 - Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Dette skal gå fram av saksutgreiinga dersom forvaltar fattar delegert vedtak i saka.

3. Alle vedtak fatta av Arbeidsutvalet og nasjonalparkforvaltarane på vegne av Nasjonalparkstyret skal vere i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan. Delegerede vedtak skal refererast for styret i komande møte.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 24.02.2016

Iselin Jonassen foreslo at saka vert utsett, da dette er ei krevjande sak for eit nytt styre som i dag sit spreidd på fleire ulike plassar med kontakt via video og telefon.

Vedtak

Saka utsett.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Verneforskrifter av 14.11.14 for Jotunheimen NP og Utladalen LVO
- Reviderte vedtekter 13.08.15 for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.
- Sak 4/2014 i møte 23.01.2014 – Delegering til AU
- Sak 11/2013 i møte 25.04.13 – Delegering til forvaltarane

Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyre gjev heimel for delegering til arbeidsutval og sekretariat. Dei første vedtektene hadde rigide reglar knytt til heimel for vedtaka framfor innhaldet i saka når det gjaldt delegering, og etter høyring våren 2015 fastsette Miljødirektoratet nye vedtekter med meir fleksible rammer for delegering. Det er styret sjølv som avgjer i kva grad dei ønskjer å delegere avgjerdsmynde til høvesvis arbeidsutval og sekretariat, innan rammene sett i pkt. 5 og 6.2:

5. OPPRETTELSE AV ARBEIDSUTVALG

Styret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av personer fra styret.

Styret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven/verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i tråd med naturmangfoldloven/verneforskriftene.

6.2 Styrets rolle i forhold til forvalter(ene)

Styret kan gi forvalter(e) myndighet til å treffe vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter menes følgende:

- *Saker etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdseil og motorferdseil.*

- *Saker etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48 der:*
 - a) *Det dreier seg om fornying av dispensasjon gitt av styret eller arbeidsutvalget, og forutsetningene er tilnærmet uendret.*
 - b) *Det foreligger etablert forvaltningspraksis fra saker behandlet av styret/AU i tilsvarende sak.*
 - c) *Forvaltningsplanen gir entydige føringer for utfallet.*

Ved tvil skal forvalter drøfte saken med styreleder. Dette skal komme frem av saksutredningen hvis forvalter treffer delegert vedtak i saken. Alle delegerte vedtak skal refereres for styret.

Med heimel i tidlegare vedtekter for nasjonalparkstyret og verneforskrifter av 05.12.1980 har gjeldande vedtak om delegering slik ordlyd:

a) Delegering til AU – sak 4/2014 i møte 23.01.2014

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- *Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast*
- *Irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre bygningsmessige tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.*
- *Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søkjar har fått løyve tidlegare.*

Saker behandla i AU skal refererast for styret i komande møte.»

b) - til forvaltarane, sak 11/2013 i møte 25.04.13:

«Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen gir nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å treffe vedtak i alle saker som gjeld søknad om løyve etter følgjande spesifiserte dispensasjonsreglar om ferdsel i verneforskriftene:

- *Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark datert 05.12.1980: § 3 pkt. 5.3.1, 5.3.2 og 5.3.3.*
- *Forskrift om Utladalen landskapsvernområde datert 05.12.1980:Punkt IV, 8: «Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsel for:*
 - *transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene*
 - *utøving av landbruksdrift»*

Myndigheita gjeld ikkje vedtak etter naturmangfoldlova § 48.

Vedtaka fatta av nasjonalparkforvaltarane skal vere i tråd med naturmangfoldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan. Fram til ny forvaltningsplan er endeleg godkjend, er det naturleg å legge til grunn retningslinene som er gitt i utkastet til forvaltningsplan og etablert praksis.

Delegerte vedtak skal refererast for styret i komande møte.»

Etter revisjon av verneforskriftene ved kgl.res. av 14.11.2014 er det ikkje lenger samsvar mellom delegeringsvedtak og referanse til paragrafar i verneforskrifta, så det er behov for revisjon av formell karakter i høve til nye verneforskrifter.

I tillegg har dei nye styrevedtektene utvida rammer for kva styret kan delegere, slik at det også er tenleg å sjå på innhald.

Vurdering

Delegering av myndigheit til Arbeidsutvalet i tråd med pkt. 5 i styrevedtektene vil gje raskare behandling av enklare saker og hastesaker som krev noko politisk skjønn og ikkje er av slik karakter at dei kan/bør delegerast til administrasjonen.

Delegering av myndigheit til nasjonalpark-/verneområdeforvaltar kan gje enklare og raskare behandling av rutineprega saker. Dette gjeld spesielt saker knytte til motorferdsel og annan ferdsel, der det regelmessig vert behandla enkeltløyve etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene.

Punkt 6.2 om sekretariatet for nasjonalparkstyret inneber at forvaltarane kan gjevast myndigheit til å behandle alle typar søknader om ferdsel og motorferdsel etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene. For Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde har det vorte meir spesifiserte dispensasjonsreglar i verneforskriftene etter revisjonen ved kgl. res. av 14.11.14.

Med bakgrunn i dette kan forvaltarane i prinsippet gjevast myndigheit til å behandle søknader om motorferdsel etter følgjande punkt i forskriftene (punkt med referanse til godkjend forvaltningsplan er merka med gult, og det er ikkje godkjend plan i medhald av ny forskrift, slik at vilkåra for delegering ikkje gjeld desse):

- A) Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark datert 14.11.14, § 3 Pkt. 6.3 – Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:
- a) Øvingskøyring for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).
 - b) Motorferdsel på vinterføre, på veg eller med luftfartøy i samband med husdyrhald, vedhogst og utøving av bruksrett som gjeld fiskekultivering.
 - c) Bruk av beltekøyretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til turisthytter, hytter og setrer.
 - d) Motorferdsel på veg og bruk av luftfartøy i samband med reindrift.
 - e) Motorferdsel på Glitterheimsvegen for transport av brensel, proviant, varer og utstyr til Glitterheim turisthytte, samt transport av funksjonshemma.
 - f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.
 - g) **Drift av rutebåt på Gjende i samsvar med forvaltningsplan.**
 - h) **Bruk av motorbåt på Gjende for drift av turisthytter, medrekna transport av personale, i samsvar med forvaltningsplan.**
 - i) Bruk av båt med motor på inntil 10 hk på Gjende for hytteeigarar ved Gjendebu og Leirungsåe.
 - j) **Bruk av motorbåt med hastigheit høgare enn 8 knop på Gjende, i samsvar med forvaltningsplan.**
 - k) Bruk av beltekøyretøy på vinterføre for utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.
 - l) Bruk av traktor på traktorveggar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.
 - m) **Transport 2 gonger i veka på vinterføre av gjester som ligg fast, til turisthyttene Memurubu, Gjendebu og Glitterheim i samsvar med forvaltningsplan.**
 - n) **Oppkøyring av skiløype på Fanaråkbreen i samsvar med forvaltningsplan.**
 - o) Køyring på barmark med traktor eller beltekøyretøy i samband med vedlikehald og reparasjon av kraftanlegg til Memurubu.

p) **Motorferdsel på vegen i Gravdalen i andre høve enn føremål som nemnt i pkt. 6.2 k), i samsvar med forvaltningsplan.**

- q) Motorferdsel på vinterføre, på vegen i Gravdalen eller med luftfartøy i samband med tilsyn og vedlikehald av Tyin kraftverk.
- r) Naudsynt motorferdsel for tiltak i samband med forvaltning av artar etter pkt. 1.3 m) og 3.2 b).
- s) Bruk av snøskuter i samband med snømålingar.
- t) Bruk av traktor på traktorveggar i Memurubu og Gjendebu til transport av gjerdemateriell ved beitebruk.

B) Forskrift om Utladalen landskapsvernområde datert 14.11.14, § 3 pkt. 6.3 – Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

Bruk av båt med motor, beltekjøretøy på vinterføre, bil på Koldedalsvegen og Vettisvegen eller luftfartøy i samband med;

- a) Øvingskøyring som er nemnd under pkt. 6.2.a).
- b) Husdyrhald.
- c) Vedhogst.
- d) Uttransport av felt elg, hjort og rein.
- e) Fiske.
- f) Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.
- g) Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretingar.
- h) **Transport av personale for drift av turisthytter, i samsvar med forvaltningsplan.**
- i) Skogsdrift som er godkjent i medhald av pkt 2.4.
- j) Utføring av sikringstiltak, t.d. merking og kvisting av løyper.
- k) Naudsynt motorferdsel for tiltak i samband med forvaltning av artar etter pkt. 1.3 o) og 3.2 b).
- l) Motorferdsel på Gravdalsvegen og Vettisvegen i andre høve enn nemnt i pkt. 6.2 g) og h)
- m) Motorferdsel på vinterføre, på vegane i Gravdalen og Koldedalen eller med luftfartøy, i samband med tilsyn og vedlikehald Tyin kraftverk.
- n) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for tilsyn med 22 kV høgspenning (vest for Tyin).
- o) Motorferdsel i samband med oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer.
- p) Bruk av snøskuter i samband med snømålingar.

Det ligg ikkje til rette for delegering av punkta som krev avklaring i forvaltningsplan (merka med gult i opplistingane over), så lenge revidert plan ikkje er godkjend. Også dei større, fleirårige samleløyva er av slik omfang at dei bør leggjast til politisk behandling dei få gongene dei skal opp til revisjon (gjeld DNT, dei private turisthyttene og Gjendebåten).

Forvaltningsplanen skal setja rammer for korleis enkeltsaker skal handterast. Samla omfang av ferdsel må ikkje vere i strid med verneformålet, reglane i naturmangfaldlova og ein godkjend forvaltningsplan.

Forvaltningsplanen frå 1998 er ikkje oppdatert i høve til føringar som har kome til dei seinare åra (ny forskrift, overordna politikk). Den gamle planen frå 1998 vart teken opp til revisjon i samband med revisjon av verneforskriftene, men tilråding til ny plan frå

2008 etter avslutta høringsprosess er sendt tilbake for omarbeiding/revisjon da mange forhold hadde endra seg i åra som har gått til behandling. Ny revisjon er sett i gang.

Fram til ny forvaltningsplan er endeleg godkjend, er det naturleg å legge til grunn retningslinene som er gitt i utkastet til forvaltningsplan frå 2008 og ved etablert praksis.

Klagesaker

Ved klage skal forvaltningsorganet vurdere saka på nytt før den eventuelt blir sendt vidare til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd. Prinsipielt kan den som har delegert myndigheit gjera denne vurderinga i tråd med det som er delegert. Det vil likevel ofte vera ein fordel å involvere Nasjonalparkstyret før ein sender saka frå seg. I saker som krev rask avgjerd kan AU vurdere saker med administrativt vedtak.

Konklusjon

Det blir tilrådd delegering av enkeltsaker til forvaltarane slik reviderte styrevedtekter og nye verneforskrifter opnar for, men dei større fleirårige løyva for motorferdsel skal framleis leggjast fram for styret. Samla omfang av ferdsel knytt til desse løyva utgjer storparten av motorferdsla i Jotunheimen, og det er nyttig å ha ein samla gjennomgang av desse i kvar styreperiode for å kunne vurdere endra behov som oppstår over tid, og å fange opp eventuelle uheldige effektar og justere innhaldet i løyva ved behov. Dette gjev samstundes styra god innsikt i næringsaktivitet og forholdet til verneverdiane.